



IEC-HUS AS
Smålonane 2
5353 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2893 - 15/33605

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
18.11.2015

Løyve til oppføring av bustad- gbnr 194/39 og 51 Mundal nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 485/15

Tiltakshavar: Jan P. Løkkebø Samuelsen og Merethe C. Hagewick-Samuelsen
Ansvarleg sækjar: IEC-HUS AS v/Karl Petter Aass
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av einebustad, mur og mur med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 276 m² og bygd areal (BYA) ca. 168 m². Utnytingsgrad er opplyst til 19% BYA.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar, samt opparbeiding av avkjørsle, interne vegar og parkering. Saka omfattar også søknad om dispensasjon frå føresegnene til kommuneplanen, pkt.1.1, som gjeld plankravet, samt dispensasjon frå arealføremålet LNF og fritidsbustad i kommuneplanens sin arealdel.

Det vert elles vist til søknad motteke 10.12.14 og seinast supplert 16.10.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg sækjar ved brev av 28.01.15, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. *Søknad om utsleppsløyve: Dokumentere tinglyste avtaler om å nytta felles avlaupsleidning og tinglyst rett til å leggje leidningar over felles eigedom.*
2. *Søknad om vatn: Dokumentere tilstrekkeleg kvalitet og mengde på drikkevatnet som skal tene bustaden.*
3. *Søknad om veg/avkjørsle: Tinglyst erklæring som sikrar bustaden vegrett over gbnr 194/39. Søknad om dispensasjon frå føremålet «fritidsbustad» i arealdelen. Søknad om*



dispensasjon frå LNF i arealdelen. Snitteikningar eller lengdeprofil av tilkomstvegen. Situasjonsplan som viser naudsynte fyllingar/skjæringar eller andre inngrep for at vegen skal førast fram til bustadeigedomen.

- 4. Terrengtilpasning og visuelle kvalitetar: Ein utgreiing frå prosjekterande for dei estetiske tilhøva på staden og korleis prosjekterande har kome fram til at omsøkte prosjekt oppfyller krava til visuell kvalitet og kva kriterium som var lagt til grunn for vurderinga.*

Delvis dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 10.08.2015.

Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 16.09.15, der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

- 1. Søknad om utsleppsløyve: Utsleppsløyve er gitt i eige vedtak av 13.11.15*
- 2. Søknad om veg/avkøyrsløys: Søknad om dispensasjon frå plankravet. Om avkøyrsløys til privat veg oppfyller krav til kommuneplan. Om avkøyrsløys tilfredstillar tekniske krav.*
- 3. Plassering: Om tiltaket er i strid med høgspente kraftlinje*
- 4. Teikningar: Om «framtidig bad» skal godkjennast som bad*
- 5. Ansvar: Ny kvalifisert ansvarsrett i tiltaksklasse 2 grunna store terrenginngrep.*

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 16.10.15.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.10.15 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommane ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som både bustad-føremål, fritidsbustad-føremål og LNF-føremål.

Tillat grad av utnytting iht. gjeldande plan er 20%, jf. arealdelen til kommuneplanen 2011-2023.

Dispensasjon

Tiltaket krev 3 dispensasjonar frå kommuneplanen:

- 1) Dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen om at bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før det vert gjeve løyve til tiltak etter pbl § 20-1.

I vedtak, om løyve til deling av 02.04.14, er det gitt dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen om at bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan. Dispensasjonen gjaldt både bygging og deling:

- Med heimel i pbl §19-2 gjev Lindås kommune dispensasjon frå pkt.1.1 i dei generelle føresegnene til kommuneplanen, om at bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan før det vert gjeve løyve til tiltak etter pbl § 20-1. Dette gjeld både bygging og deling.


- 2) Dispensasjon frå føremålet «fritidsbustad»
- 3) Dispensasjon frå LNF i arealdelen

Det er søkt dispensasjon frå føremålet «fritidsbustad» og frå LNF i arealdelen med slik grunngeving:

SØKNAD OM DISPENSASJON FRA AREALDELEN TIL KOMMUNEPLANEN

Viser til søknad om enebolig på gnr.194 bnr. 51.

Det søkes med dette om dispensasjon fra arealdelen til kommuneplanen for bygging av vei over tomt med gnr.194 bnr.39 for å ha tilkomst til eiendom med gnr.194 bnr.51. Grunngeving for ønske om å ha tilkomst til eiendom med gnr.194 bnr.51 er at dette er et familiested og de tilgrensede tomtene eies av nær familie som har hytter og hus på disse. Eiendommene har vært i familien i flere generasjoner og nå ønskes det å bygge enebolig på gnr.194 bnr.51 og det trengs da tilkomst via gnr.194 bnr.39.



Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering. Fylkesmannen kan klage over vedtaket eller sjølv gjere det om utan klage. Tiltakshavar gis melding om at vedtak om dispensasjon ikkje er endeleg før klagefristen på tre veker er gått ut, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 22.09.15.

Gbnr 194/40 og gbnr 194/33 har gitt samtykke til å plassere tiltaket Om frå grenselinja mot deira eigedom.

Gbnr 194/34 og gbnr 195/48 har gitt samtykke til å plassere tiltaket 1m frå grenselinja mot deira eigedom.

Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Det går fram av søknaden at det skal borast etter vatn. Rett til å bore etter vatn og etablere borehull er sikra ved tinglyst erklæring.

Iht. brev av 28.01.15, må det dokumenterast tilstrekkeleg kvalitet og mengde på drikkevattnet som skal tene bustaden. Tiltakshavar har innhenta ei uttale frå «Vestnorsk Brunnboring as» som ikkje er datert:

> Hei Jan P Samuelsen
>
> Viser til befaring i går og har gleden av å sende vedlagte priser.
> Har beregnet en 3 faset pumpe og en 120 liters trykktank som er stor nok til formålet .
> Regner med at her er det en god mulighet å finne tilstrekkelig med vann til en husstand .
> I alle borehullene vi har boret i dette området har det vert nok vann til en eller flere husstander. Vi har heller ikke montert noen renseanlegg i forbindelse med disse hullene.
> Det eneste jeg vet om er at noen av hullene har litt sand problemer, dette har vi løst med sandfanger på pumpene og partikkel filter montert i forbindelse med trykktanken.
> Håper at dette er av interesse og hører gjerne fra deg
> Vilråene for boringen følger tilbudet
>
>
> Med vennlig hilsen
> Vestnorsk Brunnboring A.s
> Egil Strøm
> Mobil 98286460

Det er søkt om og gjeve utsleppsløyve i sak/vedtak datert 13.11.15. Utsleppsløyve gjeld 1 bustad, inntil 5pe, for utslepp frå slamavskiljar av typen SL-73 til felles avlaupsleidning og på vilkår.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustad på vilkår, er gitt av teknisk drift i vedtak datert 18.10.13:

Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsler frå offentlig veg som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentlig veg, Veglova §§40-43, vegnormal 017 og handbok 231 (avsnitt om sikkerheitssoner omtalt i vegnormal 017 avsnitt C.3.4.2). Det vert blant anna sett krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn.

Vegrett er sikra ved tinglyst erklæring.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass/framtidig garasjeplassering for 2 bilar. Oppføring av garasje må det søkjast om i eiga sak.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteopphaldsareal, gangtilkomst, parkering/garasjeplassering og avkjørsle. Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Teikningar

I reviderte byggjemeldingsteikningar er bad 2 i 1. etasje omgjort til bod. Ansvarleg søkjar har såleis bekrefta at « framtidig bad» ikkje skal godkjennast som bad, men som bod.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsynet bak plankravet er i hovudsak at tiltaket skal vurderast i ein større samanheng slik at det ikkje vert godkjent tiltak som kan vanskeleggjere ei framtidig regulering av området.

1) Dispensasjon frå plankravet om reguleringsplan:

I vedtak av 02.04.14, om løyve til deling, ble det gitt dispensasjon frå punkt 1.1 i føresegnene til kommuneplanen om at bygg og anlegg skal inngå i reguleringsplan og gjaldt både bygging og deling.

2) Dispensasjon frå fritidsbustad føremålet:

Gbnr 194/51 ligg i område som i kommuneplanen har status som eksisterande bustadområde som grenser mot eksisterande fritidsbustadområde. Avkjørsel/tilkomstveg på gbnr 194/39 ligg i område som i kommuneplanen er avsett til fritidsbustad. Tomta er ca. 1 mål og vil i utgangspunktet vere meir enn stor nok til ein fritidsbustad. Tomta vil i mindre grad kunne nyttast til fritidsbebyggelse etter utbygging av vegen. På den anna side er tomta noko bratt og ein eksisterande vei kryssar allereie eigedomen. Eigedomen kan såleis vanskelig bli utnytta som ei sjølvstendig fritidsbustad tomt.

For å kunne bruke gbnr 194/51 til bustad-formål, er det nødvendig å gi eigedomen tilkomstveg over gbnr 194/39. Dette vil gje ein naturleg hensiktsmessig utvikling av gbnr 194/39 og området forøvrig, jf. Ot. Prp. 32 s.242. Da det er ein bustad som skal oppførast i eit allereie fortetta område bestående av både bustader og hytter, vil ein dispensasjon frå fritidsbustad-formålet å ikkje gi ein uheldig presedens.

3)Dispensasjon frå LNF i arealdelen:

Søkt tilkomstveg vil å vere den enklaste tilkomsten til eigedomen, med minst angrep i landskapet. Tiltaket vil ikkje i særleg grad forstyrre landbruksdrift, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er mein å ivareta.

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Særleg om helse, miljø, tryggleik og tilgjenge

I vedtak om løyve til deling av 02.04.14 blei det presisert at det er en viss trafikkfare med nåverande avkjørsel. Den vil å vere noko uoversiktleg, særleg om vinteren grunna økt trafikk frå skilanlegget på Hopsdal:

Det er såleis rett å vurdere at ny tomt kan føre til redusert tryggleik i området, og tilgjenge kan verte noko meir komplisert då ny veg til tomta må førast fram langs eit relativt bratt brot. Miljø og helse vert ikkje råka direkte, men indirekte kan auka trafikk og redusert tryggleik også føre til endra tilhøve for helse.

Administrasjonen meiner likevel at det ikkje er naudsynt med reguleringsplan for å avklare desse konfliktområda. Avklaring må kunne skje i samband med byggesaka.

Det er gitt løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel på vilkår. Avkjørsle skal tilfredstille tekniske krav slik som utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle samt snumoglegheit på eigen grunn. Av de innsendte teikningane vedrørende utforming av avkjørsel samt lengdeprofil av avkjørsle og grenseverdiar, så vil dette ivareta trafikktryggleiken samt tilgjengelegheit. Utvida avkjørsle og ny veg vil ikkje å være til nemneverdig skade for helse og miljø, jf. Ot. Pr. 32 s.242.

Administrasjonen kan, etter ei samla vurdering, ikkje sjå at omsøkte tiltak vil gje negative verknader for omgjevnadane eller dei omsyna fritidsbustad-føremålet og LNF-føremålet skal ivareta. Fordelane vert vurdert større enn ulempene. Dispensasjon vert gitt som omsøkt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 1, jf. standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Kommunen legg til grunn ansvarleg søker sin vurdering at tiltaket ikkje kjem i strid med høgspenn kraftlinje.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Privatrettslege tilhøve

Naudsynte privatrettslege tilhøve synast stetta.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av ny kvalifisert ansvarsrett i tiltaksklasse 2 for grunnforhold og gravearbeid til grunn.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plan- og bygningslova § 11-6, rettsverknad av kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av bustad med tilhøyrande murer og tilkomstvei på gbnr 194/51 og 39, i samsvar med søknad mottatt 10.12.14 og seinast supplert 16.10.15.

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av bustad med tilhøyrande anlegg i samsvar med søknad mottatt 10.12.14 og seinast supplert 16.10.15, på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i revidert situasjonsplan datert 22.09.15, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1, forutan grunnforhold og gravearbeid som vert godkjent i tiltaksklasse 2 for både PRO og UTF, jf. SAK § 9-3.**
- 3. Tiltaket skal knytast til privat vannverk, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.**
- 4. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i vedtak datert 13.11.15, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.**
- 5. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg via privat veg. Avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyremakta datert 18.10.2013. Veg utførast i samsvar med revidert situasjonsplan datert 22.09.15.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	IEC-HUS AS	914 313 902	S	1	Ansvarleg søkjar
PRO	IEC-HUS AS	986 462 929	S	1	Bygningsutforming Byggeteknikk, tømrararbeidet og våtrom Ventilasjon
PRO	Straume Bygg og Betong AS	913 668 162	S	1	Mur- og betongarbeider
PRO	Peisselskabet AS	935 783 267	S	1	Pipe og eldstad
PRO	Terratec AS	986 276 092	S	1	Plassering
PRO	Hjelmås VVS AS	988 410 586	S	1	Vann og avløp utvendig Vann og avløp innvendig
PRO	Hansen og Eknes AS	948 099 896	S	2	Grunnforhold og gravearbeid
UTF	Terratec AS	986 276 092	S	1	Plassering
UTF	IEC-HUS AS	914 313 902	S	1	Utvendige tømrararbeidet Innvendige tømrararbeidet Ventilasjon
UTF	Straume Våtrom AS	911 838 346	S	1	Våtrom
UTF	Straume bygg og Betong AS	911 838 346	S	1	Mur- og betongarbeider
UTF	Peisselskabet AS	935 783 267	S	1	Pipe og eldstad
UTF	Hansens og Eknes AS	948 099 896	S	2	Gravearbeider/maskinarbeid er
UTF	Hjelmås VVS AS	988 410 586	S	1	Vann og avløp utvendig Vann og avløp innvendig
KTR	Norsk Byggekontroll AS	914 828 902	S	1	Kontroll våtrom Kontroll lufttettethet

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2893

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
- Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
9.1.4	Dispensasjon frå plan, lov eller forskrift (fritidsbustad+LNF)	2*8400,-	Kr 16 800,-
6.1	Bruk av kartbasis	1	Kr 500,-
10.2.1	Basisgebyr bustad	1	Kr 13 700,-
10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning	8*1000,-	Kr 8 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 39 000,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan P. Løkkebø Samuelsen og Storneset 8 5915 HJELMÅS
Merethe C. Hagewick-Samuelsen
Fylkesmannen i Hordaland 5020 BERGEN

Mottakarar:

IEC-HUS AS Smålonane 2 5353 STRAUME